

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet vert gjeve fullmakt til å slutføre og godkjenne kontrakten.

I samband med p. d) skal det haldast ei synfaring kor både Vegvesenet og lokale relevante partar vert inviterte."

Fylkesordføraren la til grunn at Oen sitt forslag var å rekne som eit forslag om å utsetje saka.

Røysting – utsetjingsforslag:

Oen sitt forslag fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom staten v/Statens vegvesen Region vest og Hordaland fylkeskommune.
2. Hordaland fylkesting ber i tillegg Statens vegvesen foreta en fornya vurdering av alternativ tilkomst via Fana Stein og Gjenvinning (FSG) fram mot anleggsstart.

Vurderinga må spesielt ta for seg trafikktryggleik v/Stend jordbruksskule, Hordnesveien og Bjarghallen, samt risiko knytt til tidlegare avfallsdeponi v/evt. ny trase over FSG.